

Opningstider i påska

Rådhuset

Måndag og tysdag i påskeveka er det vanleg opningstid (09.00-14.00) på rådhuset.

Onsdag før skjærtorsdag (onsdag 23. mars) er ekspedisjon og sentralbord på rådhuset stengt.

Ein del av dei tilsette har påskeferie i veke 12 (21.-23. mars), så eventuelle møter bør vere avtalt på førehand.

Biblioteket

Biblioteket er ope:

Måndag 21. mars kl. 12 - 16

Tysdag 22. mars kl. 12 - 19

Skodje kommune
ønsker alle
God påske!



Faktura frå ÅRIM

ÅRIM (Ålesundsregionen interkommunale miljøelskap IKS) har tatt over fakturering av **renovasjon** og **slamtøming** i kommunen. Du vil difor få faktura frå ÅRIM i staden for frå Skodje kommune for desse tenestene.

Det er ÅRIM som leverer desse tenestene til innbyggjarane, og heretter vil ÅRIM også sende ut faktura. Dersom du har spørsmål om faktura for renovasjon og slamtøming, ta kontakt med ÅRIM på telefon 70 31 41 00 eller post@arim.no.

Faktura for **vatn**, **avløp** og **feing** vil kome frå Skodje kommune som før.

Dette betyr altså at du no vil få to reknningar pr. termin for kommunale gebyr i staden for éi.

Hugs at du kan opprette AvtaleGiro-avtale for automatisk betaling av reknningar frå Skodje kommune.

Gebyr

Det er kommunestyret i Skodje som vedtek satsane for kommunale gebyr. Dette gjeld også gebyra for renovasjon og slamtøming som no blir fakturert av ÅRIM.

Tabellen viser endringane frå 2015 til 2016 for nokre vanlege gebyr:

Gebyr	Endring 2016
Vassavgift (årsavgift)	+ 4,4 %
Kloakkavgift (årsavgift)	- 5,7 %
Feing	+ 16,5 %
Slamgebyr	Ingen endring
Renovasjon	- 3,5 %

Eigedomsskatt

Kommunestyret har vedteke at eigedomsskattesatsen for 2016 vert uendra, 2 promille.

Sjøv om promillesatsen er uendra, vil det likevel for dei fleste bli ei lita endring i sum utskriven eigedomsskatt. Grunnen til dette er at det er bustadverdi frå Skatteetaten som vert lagt til grunn for utrekning av eigedomsskatt for dei fleste bustadar. Denne verdien vert justert kvart år.

For fritidseigedom, næringsseigedom og bustad på landbrukseigedom gjeld andre reglar. For desse eigedomane er skatten uendra.

Eigedomsskatten for 2016 vert delt i to innbetalingar, med forfall 20. mai og 20. november.

Tøssebro eller Tyssebru?

Kartverket har vedteke at gardsnamnet til gardsnummer 38 i Skodje kommune skal skrivast Tyssebru. Skrivemåten Tyssebru vart vedteken for bruksnummer 1, og Tyssebruvåg på bruksnummer 2. Eit nes på staden fekk skrivemåten Tyssebruneset.

Vedtaket er blitt påklaga av både Skodje kommune og grunneigarar.

Kartverket reiser klagesakene som ordinære namnesaker. Det betyr at det er høve til å uttale seg på nytt. Uttalane bør dreie seg om kva som er ønska skrivemåtar, med utfyllande grunngevingar.

Uttalar i namnesakene kan sendast til Skodje kommune, rådhuset, 6260 Skodje, eller postmottak@skodje.kommune.no.

Frist for uttalar: 20.04.16

Håhjem eller Håem?

Kartverket har vedteke at gardsnamnet til gardsnummer 14 i Skodje kommune skal skrivast Håem. Skrivemåten Håem vart også vedteken for bruksnummer 1, 2 og 3, og Håemsvik for bruksnummer 4.

Vedtaket er blitt påklaga av Skodje kommune.

Litt av kvart

Kommune- reform

Intensjonsavtalane knytt til landkommunealternativet og regionkommunealternativet vart signerte 17. og 18. mars.

Begge intensjonsavtalane er tilgjengelege på nettsidene til kommunen.

Kommunestyret vedtok i møte 16. mars at det skal haldast rådgjevande folkerøysting om kommunesamanslåing. I tillegg skal det gjennomførast ei innbyggjarundersøking som skal omfatte 300 tilfeldig utvalde respondentar.

Både folkerøystinga og innbyggjarundersøkinga skal omfatte innbyggjarar som er fødte i 1999 og 2000 (dvs. 16- og 17-åringar), i tillegg til myndige innbyggjarar.

Bruktbuda

Bruktbuda ved Prestemarka bu- og dagtilbod har mange fine ting til ein svært god pris.

Endra opningstider:

Tysdagar kl. 11.00 - 16.00

Torsdagar kl. 12.00 - 18.00

Kom gjerne innom og ta ein kopp kaffi!

Flytte- melding

Hugs å melde om flytting til folkeregisteret også ved flytting innanfor kommunen.

Neste Kommunenyt

Neste Kommunenytt kjem ca. 24. juni. Frist for innlevering til dette nummeret er 17. juni.

Skal bustadfelt på Stette heite Leitegarden?

Skodje namnemend vedtok i møte 10.03.16 å starte namnesak for del av gnr.51 bnr.1 som er avsett til bustadføremål på Stette.

Nammenemda set fram Leitegarden som aktuelt namn, med slik grunngeving:

Området ligg på gnr.1 på Leite. Garden på austsida av vegen har namnet Leitevold.

Namneforslaget blir med dette lagt ut til offentleg høyring etter stadnamnslova § 6.

Reglane om høyring er først og fremst knytt til skrivemåten av namnet, men vi ønskjer likevel merknader og innspel også på det som gjeld val av sjølve namnet.

Høyringsfrist er sett til 5. mai 2016.

Merknader og innspel kan sendast til Skodje kommune, kultureininga, Rådhuset, 6260 Skodje, eller på epost til magne.fylling@skodje.kommune.no.

Meir informasjon på skodje.kommune.no.



Dette skjer

Strikkekafé

Røde Kors arrangerer strikkekafé på jentekolonien onsdagar kl. 19 - 21.

Open for alle.

Strikking til gode formål, f.eks. prematuravdelinga på sjukehuset. (Kom gjerne med forslag til andre gode formål.)

Sal av kaffi og vaflar.

Datoar 1. halvår 2016: 30. mars, 6. april, 27. april, 11. mai, 18. mai, 1. juni, 8. juni og 15. juni.

LHL Skodje/Ørskog/ Haram

Landsforeningen for hjerte- og lungesyke sitt lokallag for Skodje/Ørskog/Haram har ope kontor kvar tysdag og fredag kl. 11 - 14 på Skodje Aktivitetssenter (same bygg som brannstasjonen på Skodje).

Her kan du kome innom og slå av ein prat over ein kopp kaffi, og få informasjon om kva laget har av aktivitetar og brosjyrer.

Vi har også ein likeperson til stades på kontoret. Det er ein person som har hatt ein alvorleg sjukdom, som ein kan få råd av, og stille spørsmål til.

Trimturar

Arr.: LHL Skodje/Ørskog/Haram

Kom og bli med på trimtur med LHL! Det er varierende turar frå lette til litt meir krevjande. Dette er også svært sosialt. Ta med mat og drikk på turane.

2. mai: Trimtur i Åsenråsa og til Furlia

Oppmøte i Dragsundet kl. 17.50, og start kl. 18.00. Vi følgjer Åsenråsa og skogsvegen fram til Furlia. Lett tur, fjellsko.

Kontaktperson: Odd Arne Grande, tlf. 917 69 976.

9. mai: Trimtur til Fannedalen

Oppmøte på Strand i Ertevågen kl. 17.50, og start kl. 18.00. Vi går frå Strand til Fjøsneset. Lett tur på grusveg.

Kontaktperson: Bjørn Kårvatn, tlf. 416 54 641.

23. mai: Trimtur langs elveforbygninga i Stordal

Oppmøte ved småbåthamna i Stordal kl. 17.50, og start kl. 18.00. Vi går opp til Rosekyrkja og gangvegen tilbake. Lett tur på grusveg.

Kontaktperson: Arntfinn Hanestadhaugen, tlf. 908 56 263.

"Kommunenytt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor. Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no